

Arbeids- og inkluderingsdepartementet
Postboks 8019 Dep
0030 OSLO

Att.Morten Gaarder

Dykkar ref.: 25/3212 Vår ref.: 2025/833 - 12100/2025

Saksbehandlar:
Gina Beate Holsen

Dato:
08.12.2025

Høyring om endringar i arbeidsulykkesomgrepet i folketrygdlova

Helse Vest takkar for høve til å gi innspel til endringa i arbeidsulykkesomgrepet i folketrygdlova.

Innleiing

Føretaksgruppa Helse Vest støttar i hovudsak departementsforslaget til endringar i arbeidsulykkeomgrepet. Føretaka våre har erfaring med skader medarbeidarar blir utsette for i arbeidssituasjonen, som ikkje er omfatta av godkjent yrkesskade i dagens ordning.

Det markerte arbeidsulykkeomgrepet

Folketrygdlova § 13-3 andre ledd første punktum regulerer det markerte arbeidsulykkeomgrepet (det ulykkesarta).

Ordlyden føreset at hendinga må vere «ytre» eller ha hendt «plutseleg eller uventa». Departementet foreslår at vilkåret om at hendinga må vere «uventa» blir teken ut. Det vil seie at skade som kjem av plutseleg ytre hending, skal reknast som yrkesskade, uavhengig av om hendinga kan ventast.

Dette forslaget til endring blir støtta.

Det avdempa arbeidsulykkeomgrepet

Arbeidsulykkeomgrepet famnar også tilfelle av ekstraordinær belastning eller påkjenning (det avdempa arbeidsulykkeomgrepet) jf. § 13-3 andre ledd andre punktum.

Ordlyden krev at hendinga må vere «ytre», «konkret tidsavgrensa» og medføre «ein påkjenning eller belastning som er usedvanleg i forhold til det som er vanleg i vedkommande arbeid»

Departementet foreslår at kravet til ein «ytre» hending, og relativiseringa knytt til risiko ved arten til arbeidet blir fjerna.

Vi støttar dette.

Departementet foreslår eit nytt vilkår – ved at hendinga må vere «utslag av ein risiko ved arbeidet som overstig den alminnelege risikoen i livet.»

Føretaksgruppa Helse Vest støttar dette, men ønskjer samtidig å presisere at vi støttar departementet i at ikkje alle risikoar ved arbeidet kan bli omfatta av arbeidsulykkeomgrepet.

Trening og øvingar

Departementet foreslår at alle som skader seg i forbindelse med trening og øvingar som inngår som ein del av arbeidet, skal gis rett til yrkesskadedogdkjenning. Dette er eit svært viktig endring som vi gir vår tilslutning til og som er i tråd med føresetnadene for å ta opp behovet for denne endringa. Vi er set pris på at desse endringane er foreslått.

Vennleg helsing

Inger Cathrine Bryne
administrande direktør

Hilde Christiansen
direktør medarbeidar,
organisasjon og teknologi

Dokumentet er elektronisk godkjent av:Hilde Brit Christiansen direktør medarbeider, organisasjon og teknologi

Digital kommunikasjon

Vi har elektronisk saksbehandling og er opptekne av at informasjon, også underlagt teieplikt, skal kunne sendast på ein rask og sikker måte. Vi ber derfor om at eit eventuelt svar på denne førespurnaden blir sendt gjennom ein av desse kanalane:

- Privatpersonar og private verksemder: [eDialog](#)
- Offentlege verksemder: eFormidling (via eige saks-/arkivsystem)